



DET KONGELIGE
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

Sjå vedlagde adresseliste

Dykkar ref

Vår ref
201100099- /CLE

Dato

Høyring av forslag til endring av akvakulturregelverket for tilpassing til oppdrett, oppbevaring og bruk av rensefisk

Vedlagt følger forslag til endringar i forskrift om drift av akvakulturanlegg, forskrift om løyve til oppdrett av andre artar enn laks, aure og regnbogeaure, forskrift om transport av levande fisk og forskrift om krav til fartøy som skal fiske og føre fangsten levande.

Endringsforslaga skal oppdatere akvakulturregelverket, slik at det er betre lagt til rette for miljøvennleg avlusing i lakseoppdrettsnæringa. Endringane gjeld i hovudsak:

- oppdatering av regelverket slik at det er betre tilpassa oppdrett, bruk og oppbevaring av rensefisk,
- utviding av verkeområdet i akvakulturdriftsregelverket til å omfatte rensefisk
- avgrensing mot rensefisk i transportregelverket

Forslag til endring av regelverket er vedlagt, og nærare utgreiing om endringsforslaga kan lesast nedanfor i punkt 2.

Vi ber om at eventuelle merknader til endringsforslaga blir sende til postmottak@fk.d.dep.no innan **9. mai 2012**.

1 Historikk

I løpet av dei siste åra har bruken av leppefisk blitt eit velfungerande og nyttig supplement til kjemiske avlusingsmiddel. Leppefisken som blir nytta er stort sett villfanga, men nokre oppdrettsselskap driv også oppdrett av leppefisk. I tillegg blir det gjort forsøk med oppdrett og bruk av rognkjeks som avlusar. I det følgjande vil omgrepet "rensefisk" bli nytta som eit fellesnamn for marin fisk som lever saman med ein vert for å rense verten for parasittar som lakselus o.l.

Det er rekna med at det vart fanga mellom 10 og 20 millionar vill leppefisk i 2010. Ut frå lusenivået i oppdrettsnæringa i dag, er det grunn til å tru at etterspørselen etter rensefisk ikkje vil minke med det første. Ein vidare omfattande bruk av villfanga leppefisk – og annan rensefisk – kan få konsekvensar for utbreiinga til desse artane.

Hausten 2010 sette Fiskeridirektoratet ned eit utval som fekk i oppgåve å sjå på berekraftig uttak og bruk av leppefisk. Arbeidsgruppa kom med fleire forslag til forvaltningstiltak som er gjennomført som ei prøveordning i 2011. Meir om forvaltningstiltaka kan du lese i heimesidene til Fiskeridirektoratet.¹

2 Nærare om endringsforslaga

2.1.1 Innleiing

Det gjeld allereie i dag eit relativt omfattande regelverk for rensefisk, blant anna gjeld dei generelle reglane i omsetnings- og sjukdomsforskrifta med heimel matloven. Oppbevaring av leppefisk er i dag regulert i akvakulturdriftsforskrifta § 3 bokstav j og forskrifta om løyve til oppdrett av andre artar enn laks, aure og regnbogeaure. På andre område er det ein del manglar. Oppdrett av rensefisk er berre regulert i sistnemnde forskrift, og det er for eksempel ikkje gitt føresegnar om drift. Sjølve bruken av rensefisk er ikkje regulert i det heile.

Noko av bakgrunnen for at rensefisk er omfatta av forskriftsverket for akvakultur med heimel i matloven, er at rensefisk fell inn under definisjonen av "akvakulturdyr", slik det går fram i EUs fiskehelsedirektiv EC 2006/88. På dette området er Noreg fullharmonisert med EU. Sjå også nedanfor i 2.1.2. Dei same definisjonane følgjer likevel ikkje regelverk heimla i akvakulturloven. I tillegg kjem at utstrekt bruk av rensefisk er relativt nytt i Noreg.

Tanken med endringsforslaga er å oppdatere akvakulturregelverket, slik at det er betre tilrettelagt for miljøvennleg avlusing i lakseoppdrettsnæringa.

¹ <http://www.fiskeridir.no/fiske-og-fangst/leppefisk>

2.1.2 Kort om rensefisk og fiskehelseregelverket

Førebygging og kamp mot sjukdom hos akvatiske dyr er blant anna regulert i forskrift 17. juni 2008 nr. 819. Forskrifta gjeld omsetning av akvakulturdyr og produkt av akvakulturdyr, førebygging og nedkjemping av smittsame sjukdommar hos akvatiske dyr. Det saklege verkeområdet til forskrifta omfattar "Alle livsstadier inklusive kjønnsprodukter og hvilestadier, av alle akvatiske dyr oppdrettet i et akvakulturanlegg eller et akvakulturområde for bløtdyr, inkludert alle akvatiske dyr som har vært viltlevende og som er ment for et akvakulturanlegg eller et akvakulturområde for bløtdyr."

Som det går fram ovanfor vil viltlevande rensefisk som er fiska med det formål å bli brukt som rensefisk i eit akvakulturanlegg vere et "akvakulturdyr" som er omfatta av forskrifta. Reglane i forskrifta gjeld i all hovudsak for listeførte sjukdommar og mottakelege artar og vektorartar for desse. Aktuelle artar av rensefisk er ikkje sett på som vektorart eller mottakeleg art for nokon listeført sjukdom. Det betyr at det i utgangspunktet berre er forskrifta sine generelle krav i § 11 som gjeld for rensefisk.

Ev. andre og nye sjukdommar som rensefisk er mottakeleg for eller er vektorart for, vil bli handtert etter reglane i matloven § 19 og sjukdoms- og omsetningsforskrifta § 7.

2.2 Akvakulturdriftsforskrifta

2.2.1 Definisjonar

Uttrykket "rensefisk" er ikkje tidlegare brukt i regelverk heimla i akvakulturlova, men det er teke inn ein definisjon av rensefisk i luseforskrifta. Det er no behov for ein klar definisjon av omgrepet også i akvakulturdriftsforskrifta. Forslaget her byggjer på definisjonen i luseforskrifta så langt det er mogleg. Departementet foreslår derfor at rensefisk skal definerast som "fisk som er ment for eller brukes til å holde parasitter på annen fisk under kontroll i akvakulturanlegg." Vi foreslår at definisjonen av rensefisk blir teken inn som ei ny føresegn i forskrift 17. juni 2008 nr. 822 om drift av akvakulturanlegg (akvakulturdriftsforskriften) § 4 bokstav t, og vi ber særleg om høyringsinstansane sitt syn på definisjonen.

Sjølv om det i dag er vanleg å bruke leppefisk i avlusinga, går det som nemnt føre seg forsøk med oppdrett og bruk av rognkjeks. Vi har derfor valt eit meir nøytralt omgrep for å framheve at fleire artar enn leppefisk kan nyttast til avlusing. For å sikre at både villfanga og oppdrettet rensefisk blir omfatta av forskrifta, har vi brukt uttrykket "fisk som er ment for eller brukes til å holde..."

Endringane i akvakulturdriftsforskrifta tek ikkje sikte på å omfatte eller regulere fangst av vill rensefisk. Dette blir regulert av eigne føresegner i forskrift 22. desember 2004 nr. 1878 om utøvelse av fisket i sjøen.

2.2.2 Oppdrett av rensefisk

Akvakulturdriftsforskriften § 3 omhandlar det saklege verkeområdet til forskrifta. I bokstav j er regulert "[a]nnen produksjon enn det som følger av de føregående ledd". Dei andre føresegnene i § 3 regulerer først og fremst akvakultur av laks, aure, regnbogeaure, blautdyr og annan matfisk. I tillegg er oppbevaring av leppefisk omfatta av § 3 bokstav g. Paragraf 3 bokstav j regulerer akvakultur av all annan fisk som ikkje er nevnd i dei føregående ledda, medrekna marin fisk og fisk som ikkje blir produsert for konsum. Føresegna omfattar akvakultur av rensefisk, til dømes dei ulike leppefiskartane og rognkjeks.

Sjølv om regelverket i dag omfattar oppdrett av rensefisk, er det ønskjeleg og nødvendig at driftsforskrifta er betre tilpassa slik verksemd. Departementet ønskjer derfor å utvide verkeområdet i § 3 bokstav j når det gjeld akvakultur av rensefisk generelt.

Medan det er vanleg å omsette rogn i produksjon av laksefisk, er det plommeseckklarvar som er aktuelt omsetningsstadium for berggyllt. Berggyllt gyt naturleg og kan derfor ikke strykast. Egga, som er klebrige, kan ikkje haustast frå "substratet" som dei sit på, og flytting og omsetning må derfor skje på plommeseckklarvestadiet.

For å sikre at reglane om journalføring for stamfisk også omfattar rensefisk, foreslår vi at akvakulturdriftsforskriften § 43 om journalføring for stamfisk blir tilpassa slik at den også omfattar plommeseckklarvar frå rensefisk.

2.2.3 Bruk av rensefisk

Bruk av rensefisk er i dag ikkje direkte regulert av akvakulturdriftsforskriften. Departementet foreslår no at det i § 3 bokstav h skal gå fram kva føresegner i forskrifta som skal gjelde ved "bruk av rensefisk". Med "bruk av rensefisk" siktar vi til den perioden rensefisken går saman med annan fisk (verten), for å beite lus. Uttrykket skil ikkje mellom villfanga og oppdretta rensefisk og har ikkje til hensikt å vere til hinder for gjenbruk av rensefisk som allereie har gått i merd saman med ein vert.

Departementet meiner at regelverket ikkje bør differensiere mellom vill og oppdretta leppefisk ved bruk. Helsa og velferda til fisken og driftsmetodane ved bruk må takast like godt vare på for begge typar fisk, uavhengig av om dei har vakse opp vilt eller i eit oppdrettsanlegg. Vidare vil det vere praktisk vanskeleg å skilje den ville frå den oppdretta fisken med augesyn. Ei differensiert regulering vil i så måte vere krevjande å gjennomføre i praksis.

2.2.4 Oppbevaring av rensefisk

Som nemnt ovanfor regulerer akvakulturdriftsforskriften § 3 bokstav g oppbevaring av leppefisk. Vi foreslår at uttrykket "leppefisk" blir endra til det meir nøytrale uttrykket

”rensefisk”, slik at det omfattar fleire artar som kan nyttast til avlusing. I tillegg foreslår vi at verkeområdet til føreseigna blir utvida, slik at reglar i forskrifta som gjeld fisken si helse, velferd og drift av akvakulturanlegg også gjeld oppbevaring av rensefisk. Vi reknar med utvidinga av verkeområdet til § 3 bokstav g allereie blir etterlevd i praksis. Av pedagogiske og tilsynsmessige omsyn er det likevel tenleg at det klart går fram av det saklege verkeområdet til forskrifta kva føreseigner som skal gjelde for oppbevaring av rensefisk.

Når rensefisken blir fanga vilt vil han som oftest bli plassert i kar, ruser eller merdar i kortare periodar, før han blir teken i bruk eller samla opp for at han skal flyttast. Mellombels oppbevaring kan også nyttast for oppdretta rensefisk.

Det kan oppstå behov for å lagre rensefisk i lengre periodar, anten på land eller i sjøen, for at han kan bli nytta på eit seinare tidspunkt, for eksempel vinterlagring. Det er ønskjeleg at regelverket femner om dei ulike formene for oppbevaring. Dette gjeld uavhengig av om fisken som skal oppbevarast er vill eller oppdretta.

Slik departementet ser det, femner begrepet ”oppbevaring” om lagring i korte og lange periodar, i tillegg til at uttrykket er artsnøytralt. Vi understrekar at det ikkje er ønskjeleg å endre praksisen for korleis rensefisk blir oppbevart. Vi finn det derfor tenleg å halde fast ved uttrykket ”oppbevaring”.

Departementet meiner det er tenleg at reglane om stamfisk også bør omfatte stamfisk av rensefisk. Vi foreslår derfor at akvakulturdriftsforskriften § 43, § 50 første og andre ledd og § 51 blir tekne med i forskrifta sitt saklege verkeområde for rensefisk. Departementet ber i den samanhengen særleg om høyringsinstansane sitt syn på utforming og omfang av føresegnene for stamfisk av rensefisk.

2.2.5 Settefisk

I kapittel 5 i akvakulturdriftsforskriften er det nedfelt tilleggskrav ved produksjon av settefisk og kultiveringsfisk. Sidan oppdretta rensefisk skal sendast til ulike matfiskanlegg, er det etter departementet sitt skjønn tenleg at settefisk av rensefisk blir omfatta av dei same reglane som for settefisk av laks og aure. Dette vil blant anna medføre krav om rapportering av ei rekkje sentrale opplysningar om drifta til styresmaktene og helseovervaking.

Departementet foreslår derfor at §§ 56 til og med 59 første ledd, § 61, § 62 andre, fjerde og femte ledd og § 63 blir tekne med i verkeområdet for produksjon av rensefisk, sjå forslag til endring av akvakulturdriftsforskriften § 3 bokstav i, som ligg vedlagt.

Slik § 57 er utforma i dag, er føreseigna ikkje tilpassa settefisk av rensefisk. Vi foreslår derfor at uttrykket ”plommeseckklarver” tilføyes i § 57 første ledd bokstav a. Sjå elles punkt 2.2.2.

2.3 Transport av rensefisk

2.3.1 *Forskrift om transport av levande akvakulturdyr*

Fleire forskrifter regulerer transport av rensefisk, blant anna forskrift 17. juni 2008 nr. 820 om transport av levande akvakulturdyr (transportforskriften). Både oppdretta og villfanga rensefisk er omfatta av forskrifta.

Transportforskriften stiller omfattande krav til all transport av levande akvakulturdyr, og det blir ikkje differensiert mellom formåla til transporten. Slik departementet ser det, vil det vere urimeleg tyngjande for akvakulturnæringa å etterleve vilkåra i transportforskriften for transport av villfanga rensefisk som skal transporterast til eit anlegg for mellombels oppbevaring (såkalla "mellomlagring"). Forskrifta er ikkje laga med sikte på transport av rensefisk til mellombels lagring, og reglane blir heller ikkje handheva for transport til dette formålet. Elles vil slik transport falle innanfor reglane i kapittel XVIII i forskrift om utøvelse av fisket i sjøen, der det også blir stilt krav til transporten av omsyn til fisken si helse og velferd.

Departementet foreslår at transport av villfanga rensefisk som skal oppbevarast mellombels blir unntatt frå verkeområdet til forskrift om transport av akvakulturdyr. Med "transport av villfanget rensefisk som skal oppbevares midlertidig" er meint fisk som er fanga vilt og deretter blir transportert til eit akvakulturanlegg for oppbevaring i kortare tid, før den blir transportert vidare til eit akvakulturanlegg for bruk eller oppbevaring i lengre periodar (vinterlagring, gjenbruk m.m.). Vi foreslår at endringa går inn som eit nytt tredjeledd i § 2. Rensefisk som blir transportert direkte til eit akvakulturanlegg, eller direkte mellom to akvakulturanlegg, vil ikkje vere unntatt frå verkeområdet.

Forskrift om utøvelse av fisket i sjøen kap. XVIII regulerer transport av rensefisk som blir fanga vilt og skal haldast levande, restituerast eller mellomlagrast. Forskrifta stiller blant anna krav til transportfartøyet, fiskereiskapar og at verksemda skal drivast forsvarleg ut frå omsynet til fiskevelferd. Departementet legg til grunn at allereie eksisterande reglar derfor tek vare på fiskehelse- og velferdsomsyn på ein tilfredsstillande måte.

2.3.2 *Forskrift om krav til fartøy som skal fiske og føre fangsten levande*

Forskrifta gjeld transport av levande villfanget fisk. Forskrifta stiller omfattande krav til oppbevaring av fisken, og dei omsyna som er gjort nærare greie for i punkt 2.3.1 gjer seg også gjeldande i dette tilfellet. Departementet meiner derfor det er tenleg at rensefisk blir unntatt frå verkeområdet til forskrifta.

2.3.3 *Forskrift om køyre- og kviletid m.v. ved innanlands transport og transport innan EØS-området*

Transport av levende akvakulturdyr, medrekna rensefisk, fell innanfor forskrift 28. september 1993 nr. 910 om kjøre- og hviletid m.v. ved innenlands transport og transport innen EØS-området. Forskrifta er ei implementering av fellesskapsrett, og ho stiller blant anna krav til køyretid, pausar og kviletid, noko som transportørar av rensefisk også må rette seg etter. Dersom levande rensefisk blir transportert over lengre strekningar slik at pause- og kviletidsføresegnene slår inn, vil dette ha noko å seie for transporten og planlegginga av transporten. Forskrifta fell utanfor Fiskeri- og kystdepartementet sitt ansvarsområde.

Spørsmål som gjeld konflikt mellom dei to forskriftene har blitt reist, men departementet kan ikkje sjå at reglane kjem i konflikt med transportforskrifta i annan grad enn at transportøren av akvakulturdyr må planleggje transporten slik at ein tek vare på helsa og velferda til fisken. Departementet vil ikkje ta initiativ til å endre reglane i forskrift om kjøre- og hviletid m.v. ved innenlands transport og transport innen EØS-området på dette punktet.

3 Omsynet til naturmangfaldet

I lov om forvaltningen av naturens mangfold (nml.) § 7 er det slått fast at §§ 8-12 skal ligge til grunn "som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet", og at vurderinga skal gå fram av avgjerda. Eit høyringsbrev er inga avgjerd i lovas forstand, men departementet finn det naturleg å gjere greie for hovudpunkta i vurderinga.

Naturmangfoldloven stiller blant anna krav til kunnskapsgrunnlaget, økosystemtilnærming og miljøforsvarlege teknikkar. Bruk og oppdrett av rensefisk vedkjem naturmangfaldet, og det blir dermed stilt krav om at avgjerda så langt det er rimeleg skal byggje på vitskapleg kunnskap om bestandssituasjonen for arter, utbreiing og økologisk tilstand for naturtypar og effekten av påverknader.

3.1 Bruk og oppdrett i område der rensefisk har sitt naturlege utbreiingsområde

Per i dag veit vi lite om utbreiing og omfang, åtferd og liv til den ville rensefisken. Men interessa for desse tilhøva har vakse, og det kjem blant anna av oppdrettsnæringa sitt behov for og bruk av rensefisk som avlusar. Behovet for rensefisk i oppdrettsnæringa er stort. Havforskningsinstituttet er bekymra for veksten i uttaket av rensefisk, spesielt leppefisk. Rensefisk ser ut til å vere stasjonær, og for høgt fiskepress kan føre til lokal nedfisking av bestanden. Det er innført reguleringstiltak for å sikre eit berekraftig uttak av rensefisk. For å unngå for høgt fiskepress på dei naturlege bestandane, er det derfor viktig at regelverket legg til rette for både oppdrett, bruk og oppbevaring og gjenbruk av slik fisk.

Som nemnt er det leppefisk som per i dag først og fremst blir nytta i lakseoppdrett. Dei aktuelle leppefiskartane er utbreidde frå svenskekysten, rundt Sørlandet og nordover. For grasgylt er truleg nordleg grense på Nordmøre, grøngylt og berggylt er funne i

sparsame mengder nord til Flatanger, medan bergnebb i dag finst til og med Lofoten. Det er usikkert kva konsekvensar oppdrett av ulike leppefiskartar innanfor desse områda vil ha for vill leppefisk, og det er førebels lite kunnskap om kva som skjer med rømt rensefisk (både vill og oppdrettet). Det er sett i verk forsøk med merking, som vil kunne gi oss ein betre indikasjon på kva som skjer med den fisken som ein ikkje finn att som dødfisk.

Sommaren 2011 var kunnskap om gyteperioden for dei ulike artene avgjerande for når det var lovleg å begynne fisket etter leppefisk i ulike område. For å kunne forvalte vill leppefisk på ein trygg måte er Havforskningsinstituttet i gang med et prosjekt der dei undersøker storleiken på bestandar langs heile kysten. Samtidig blir det teke ut prøver for genetisk kartlegging. For berggylt vil denne kartlegginga skje i 2012.

Etter det vi veit per i dag, går ikkje leppefisk på store vandringar, men held seg innanfor eit heller lite område. Vi trur at den leppefisk som er flytta frå Sørlandet og til oppdrettsanlegg nordover langs norskekysten ikkje har hatt nokon innverknad på dei lokale stammane dit han er komen, dersom lokal tilpassing er viktig for å overleve.

Førebels veit vi ikkje korleis det går med den leppefisken som vi ikkje finn igjen som dødfisk. Med oppdrett av rensefisk og ei god regulering av fangsten av vill leppefisk, slik forskriftsendringane også legg opp til, reknar vi med at bruk av både vill og oppdretta rensefisk ikkje vil få omfattande eller varig verknad på naturmangfaldet.

3.2 Rensefisk som alternativ til kjemiske lusmiddel

Rensefisk er eit miljøvennleg og velfungerande alternativ til kjemiske avlusingsmiddel. Rensefisk som avlusar er skånsam mot det marine havmiljø og for vertens eigen helse og velferd. Bruk av rensefisk er derfor ein metode som både styresmaktene og miljøverninteressene oppmodar om å bruke. Vidare er rensefisk, og for tida først og fremst leppefisk, eit ynda verkemiddel for næringa for å halde lusenivået nede store deler av året av omsyn til ville lakse- og aurebestandar. Dette medverkar til at behovet for og bruken av kjemiske avlusingsmiddel kan haldast på eit så lågt nivå som mogleg, i tillegg til at det kan motverke resistens ved hyppig bruk av slike middel.

Samla meiner departementet at bruk av rensefisk kan redusere den økologiske belastninga havbruksnæringa har på økosystema, jf. nml. § 10, og vidare at bruk av rensefisk er ein miljøvennleg driftsteknikk, jf. nml. § 12.

3.3 Oppdretta rensefisk som alternativ og supplement til villfanga rensefisk

Det er rekna med at dersom næringa lukkast med oppdrett av rensefisk i større omfang, vil omfanget av oppdrettsverksemda også kunne auke. Som vi peika på ovanfor, vart det fanga mellom 10 og 20 millionar vill leppefisk i 2010. Behovet for rensefisk er følgeleg stort, og auka produksjon av rensefisk kan bidra til å dempe

behovet for villfanget rensefisk. Erfaringa viser at ein større del av rensefisken døyr eller blir borte frå merdane i løpet av ein produksjonssesong. Dette fører til eit stort forbruk av fisk. Departementet er kjent med at Havforskningsinstituttet har sett i verk eit prosjekt for å kartleggje helsa, kva som skjer med rensefisk i merden og etablere system som legg til rette for større omfang av gjenbruk.

Auka rensefiskoppdrett vil føre til ein viss auke i utslepp frå landbaserte oppdrettsanlegg. Anlegga vil måtte søkje om utsleppsløyve på same måte som ved til dømes oppdrett av lakseyngel og laksesmolt. Auka produksjon kan føre til at det blir sett fleire rensefisk i merdane. Prosentdelen rensefisk i høve til oppdrettslaks er likevel så liten at dette ikkje vil ha nokon vesentleg innverknad på det totale utsleppet av organisk materiale og næringssalt.

Det føregår allereie noko oppdrett av rensefisk, men regelverket er ikkje godt tilpassa slike former for oppdrett. Det er derfor også tenleg at regelverket er tilpassa slik oppdrett og bruk, både med omsyn til fiskevelferd og –helse og med omsyn til vern av ville bestandar. Slik vi ser det, vil dette kunne bidra til å unngå vesentleg skade på naturmangfaldet, jf. og prinsippa i nml. §§ 10 og 12 om samla belastning og miljøforsvarlege teknikkar.

3.4 Konklusjon

Endringsforslaga inneber mindre endringar, som i hovudsak legg til rette for miljøvennleg avlusing og bevaring av ville bestandar som blir brukt som rensefisk i lakseoppdrett.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Endringane vi foreslår i høyringsbrevet gjeld mindre tilpassingar av regelverket når det gjeld oppdrett, bruk og oppbevaring av rensefisk. Endringane vil slik departementet ser det, ikkje føre til omfattande konsekvensar av økonomisk eller administrativ art for forvaltninga eller private som forslaget vedkjem.

Det ligg till grunn at oppdrett, bruk og oppbevaring av rensefisk vil auke med tida. Grunnen er først og fremst at det er sannsynleg at næringa på sikt vil lukkast med oppdrett av slike fiskeartar, og at ein med tida vil kunne få betre metodar for å oppbevare rensefisk som allereie har gått i samkultur med ein vert. Nokre av dei regelverksendringane vi foreslår vil kunne innebere tekniske og økonomiske konsekvensar for oppdrettsnæringa ved at det no blir stilt formelle krav til alarm og sikring av fisken mot predatorar. Mykje tyder likevel på at næringa allereie har slike sikringssystem, og at det ikkje vil føre til oppgraderingar ut over det som alminneleg må ventast i næringa.

Som nemnt er oppdrett av rensefisk førebels i startsfasen. Sjølv om det er gitt fleire løyve til oppdrett av ulike leppefiskartar, er det per i dag få anlegg som er i drift. Eit av forskriftsforslaga går ut på at det skal utførast helsekontroll med rensefisk i landanlegga på same måte som i settefiskanlegg for laks, aure og regnbogeaure. Det kan også bli nødvendig med visse tekniske oppgraderingar, men vi reknar med at dei fleste anlegg allereie oppfyller desse krava (dette gjeld for eksempel rensefiskoppdrettarar som har tatt i bruk gamle torskeoppdrettsanlegg).

Talet på oppdrettarar av rensefisk i dag er heller lågt, men det offentlege vil få ein viss auke i arbeidsmengd (tilsyn og kontroll) og kostnader. Med tida vil det også kunne oppstå behov for kompetanseheving for å gjennomføre inspeksjonar på nye typar anlegg med nye fiskeartar. Kostnadene vil måtte dekkast over sektorstyresmaktene sine budsjett og tildelte midler.

Med helsing

Magnor Nerheim
ekspedisjonssjef

Christopher G. Rønbeck
fung. avdelingsdirektør

Vedlegg 1

Adresseliste